Fylkesmannen i Vestland

Vår dato: 17.11.2020
Vår ref: 2019/10933
Dykkar dato: 13.11.2020
Dykkar ref:

Luster kommune
Postboks 77
6866 Gaupne

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hermund Mjelstad, 5764 3124

Forlenging av betinga skadefellingsløyve på ein ulv frå 18. november 2020 til og med 30. november 2020 i Fjaler, Hyllestad, Høyanger og deler av Sunnfjord kommune

Fylkesmannen i Vestland gjer vedtak om skadefelling av ein (1) ulv innanfor eit nærare avgrensa område i Vestland fylke frå 18. november til og med 30. november 2020. Vedtaket er gjort med heimel i naturmangfaldlova § 18 fyrste ledd b) og § 77, jf. rovviltforskrifta § 9.

Aktivt fellingsforsøk skal utførast berre når sjansane for å lukkast blir vurdert til å vere gode.

Løyvet skal forvaltast av Luster kommune, som har det administrative ansvaret for godtgjering og rapportering. Det kan klagast på vedtaket innan tre veker.

Vi viser til søknad 13. november 2020 frå Hyllestad sankelag om forlenging av skadefellingsløyvet. Vi viser vidare til tidlegare løyve til felling av ulv i det aktuelle området i løpet av beitesesongane 2018 og 2019, gjeve av Fylkesmannen i Vestland, og til skadefellingsløyve tildelt av Miljødirektoratet 3. april og 30. april i år. Fylkesmannen forlenga dette skadefellingsløyvet for perioden 10. mai - 19. mai, frå 20. mai - 2. juni, frå 3. juni - 17. juni, frå 18. juni – 2. juli, frå 3. juli – 17. juli, frå 18. juli – 31. juli, frå 1. august – 17. august, frå 18. august – 1. september, frå 2. september – 16. september, frå 17. september – 1. oktober, frå 2. oktober – 16. oktober, frå 17. oktober – 2. november og frå 3. november – 17. november. Heller ikkje denne siste perioden gav resultat.

Det er no ikkje lenger sanking i området og dyra beiter i hovudsak på innmark. Ulven held seg framleis i det same området, og den har i år har vist revirhevdande atferd, noko som tyder på at ulven vil halde fram med å vere her også i tida framover. Det siste dokumenterte skadetilfellet er frå 17. september. Siste dokumenterte observasjon av ulven er frå 6. november på viltkamera i Fjaler kommune. Det er i løpet av sommaren registrert ein god del kadaver der det ikkje har vore mogleg å fastslå dødsårsak, og det reelle tapet til ulven kan vere høgre enn det dei dokumenterte sakene skulle tilseie. Dette er og normalt i slike saker.

Klima- og miljødepartementet har i brev 27. oktober vurdert det slik at dei ikkje vil gje dispensasjon frå lisensfellingsperioden på ulv som startar 1. desember. Den nye lisensfellingsperioden vart vedteke i 2019 og har mellom anna som formål å unngå felling av moglege genetisk viktige ulvar. Departementet skriv vidare at Miljødirektoratet og Statens naturoppsyn vil ha ei særleg merksemd og beredskap utover vinteren på situasjonen i området der ulven har tilhald, med tanke på nye tiltak.

Når dette skadefellingsløyvet går ut 30. november vil det markere avslutninga av perioden med skadefellingsløyve. 1. desember startar lisensjakta på ulv i området, og den kan alle som registrerer seg i Jegerregisteret, og har løyve av grunneigar, delta i.

Bakgrunn
Den aktuelle ulven med ID V821 har vore i Vestland fylke i dei to føregåande beitesesongane (2018 og 2019), og Fylkesmannen har gjeve ei rekke løyve til felling av ulven. SNO har den siste vinteren dokumentert at det aktuelle individet er revirmarkerande i området som den har tilhald i. Dette tydar på at ulven har slått seg til ro i eit beiteprioritert område, langt utanfor ulvesona. I Rovdata sin ulvekalkulator er ulven med ID V821, oppgitt å være ein einsleg stasjonær ulv. Ulven er født i Kesberg reviret og har ikkje genetikk som gjer den særskilt verdfull. Det er i søknaden om felling frå beitelaga i området vist til at det er eit betydeleg skadepotensiale på sau dersom ulven blir verande i området i beitesesongen. Det at ulven er registrert som revirhevdande tilseier at den ikkje er eit streifande individ som etter ei tid utanfor ulvesona kan ta seg inn igjen i ulvesona og bli del av den reproduserande bestanden.

Luster kommune er tildelt ei koordinerande rolle for fellingsforsøk av freda rovvilt, for kommunane i heile tidlegare Sogn og Fjordane. Løyvet rettast av den grunn til Luster kommune.

Lovgrunnlaget
Naturmangfaldlova og rovviltforskrifta dannar den juridiske ramma for Fylkesmannen sitt vedtak i saka.

Naturmangfaldlova sitt formål (§ 1) lyder:
«Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»
Etter naturmangfaldlova § 5 er det eit mål at artene og deira genetiske mangfald blir ivaretatt på lang sikt og at artene førekjem i levedyktige bestandar i sine naturlege områder. Tiltak etter naturmangfaldlova skal likevel avvegast mot andre viktige samfunnsinteresser, jf. § 14. Ei slik avveging skal ikkje medføre at målet i § 5 fell vekk, men at tiltaket vil kunne medføre at målet i § 5 nåes på ein annan måte eller i eit anna tempo enn om naturmangfaldet hadde vore det einaste forholdet å vurdere, jf. prinsippet om ein geografisk differensiert forvaltning. Naturmangfaldlova § 5 og prinsippet om geografisk differensiert forvaltning er konkretisert gjennom §§ 3 og 4 i rovviltforskrifta og gjennom den regionale forvaltningsplanen for rovvilt i rovviltregionane.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i lovas §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Naturmangfaldlova §§ 8 til 10 og § 12 er omtalt seinare i vedtaket. § 11 blir ikkje vurdert som relevant for denne saka. Vi visar til naturmangfaldlova § 18 første ledd b), jf. rovviltforskrifta § 13, jf. §§ 1, 2 og 3, der det står:
Naturmangfoldloven § 18 (annet uttak av vilt og lakse- innlandsfisk etter vurdering av myndighetene): Kongen kan ved forskrift eller ved enkeltvedtak tillate uttak av vilt og lakse- innlandsfisk (...)

b) for å avverge skade på avling, husdyr, tamrein, skog, fisk vann eller annen eiendom, (…)
Vedtak etter første ledd bokstav a til f kan bare treffes hvis uttaket ikke truer bestandens overlevelse og formålet ikke kan nås på annen tilfredsstillende måte.

Vidare frå rovviltforskrifta:
Rovviltforskrifta § 1 (Formål): Formålet med denne forskrift er å sikre en bærekraftig forvaltning av gaupe, jerv, bjørn, ulv og kongeørn. Innenfor en slik ramme skal forvaltningen også ivareta hensyn til næringsutøvelse og andre samfunnsinteresser. Forvaltningen skal være differensiert slik at hensynet til ulike interesser vektlegges forskjellig i ulike områder og for de ulike rovviltarter.
Forskriften skal sikre en forvaltning som vektlegger forutsigbarhet og lokal medvirkning.
Rovviltforskriften § 2 (Definisjoner)
(…)3

d) Ulvesone*: Østfold, Oslo, Akershus med unntak av kommunene Hurdal, Eidsvoll, Nannestad, Ullensaker, Skedsmo og Gjerdrum, de deler som ligger vest for Glomma av kommunene Nes, Sørum og Fet, samt Nittedal øst for Nitelva, Hedmark med unntak av kommunene Nord-Odal, Stange, Hamar, Løten, Ringsaker, Stor-Elvdal, Rendalen, Engerdal, Folldal, Alvdal, Tynset, Tolga og Os, de deler som ligger vest for Glomma av kommunene Åsnes, Våler, Elverum, Åmot, Kongsvinger, Grue og Sør-Odal, samt de deler av Trysil kommune som ligger nord for en rett linje fra der Senna renner ut i Trysilelva til der kommunegrensen mellom Trysil og Engerdal gjør en vinkel ved Litlskorhøa.*

Rovviltforskriften § 3 (Nasjonale bestandsmål og bestandsovervåking):
I Norge skal det årlig være 65 ynglinger av gaupe, 39 ynglinger av jerv og 13 ynglinger av bjørn. Det skal være 4–6 årlige ynglinger av ulv. 3 av disse skal ha skjedd i revir som i sin helhet ligger i Norge. Ynglinger utenfor ulvesonen skal medregnes. Der en del av reviret ligger i Sverige skal en yngling medregnes med en faktor på 0,5. Nasjonalt overvåkingsprogram for rovvilt skal gi data om status og utvikling i rovviltbestandene, herunder også beskrive det antall årlige ynglinger som er dokumentert i regionene. Metodikk, datagrunnlag og resultater skal være offentlig tilgjengelig.

Rovviltforskrifta § 9 (Fylkesmannen sin myndighet til å fatte vedtak om felling og jakt):
Fylkesmannen kan av eiga tiltak eller etter søknad gjere vedtak om iverksetting av felling for å hindre framtidig skade innanfor ramma av kvote for betinga skadefelling gjeve av rovviltnemnda, jf. forskrifta § 8, eller Miljødirektoratet, jf. § 13. Fylkesmannen kan delegere sin myndigheit til iverksetting av slik felling til kommunen i særskilte tilfelle.

Ved vurderinga av om det skal gjevast løyve til skadefelling skal det leggast vekt på føringane i regional forvaltningsplan, jf. forskrifta § 6. Felling kan berre gjennomførast dersom det ikkje finnast anna tilfredsstillande løysing ut frå prinsippet om geografisk differensiert forvaltning. Det skal særleg takast omsyn til

a) området sin betyding som beitemark
b) omfang av skader og utvikling
c) potensialet for framtidige skader
d) moglegheit for å gjennomføre førebyggande tiltak

Felling skal vere retta mot bestemte individ. Vedtak om felling skal vere avgrensa til eit bestemt område, tidsrom og tal dyr. Det kan knytast nærare vilkår til fellingsløyvet, mellom anna at bestemte typar dyr skal vere unnateke, at felling skal utførast av nærare bestemte personar, samt metodar for felling. Det kan også gjevast bestemmingar om dekking av utgifter i samband med felling. Felling og

forsøk på felling med tilvising til denne bestemminga blir gjennomført uavhengig av grunneigar sin jaktrett, jf. viltlova § 35.

Politiske og forvaltningsmessige rammevilkår:
Det nasjonale bestandsmålet for ulv er 4-6 ynglingar av ulv i Noreg, der 3 skal ha skjedd i revir som i sin heilheit ligg i Noreg. Ynglingar utanfor ulvesona skal medreknast, og der ein del av reviret ligg i Sverige skal desse medreknast med ein faktor på 0,5. For meir informasjon viser vi til Inst. 330 S (2015-2016).

Vi viser til Representantforslag 163 S (2010-2011), og Stortingets behandling av dette den 17. juni 2011 der det blei inngått eit nytt einstemmig rovviltforlik. Av rovviltforliket i 2011 går det frem i innleiinga at norsk rovviltforvaltning framleis skal skje innanfor ramma av naturmangfaldlova og Stortingets behandling av denne, Bernkonvensjonen og den todelte målsettinga etter rovviltforliket av 2004, og den videre oppfølging av dette.

Kunnskapsgrunnlaget
Rovdata har ansvar for formidling, drift og utvikling av *Det nasjonale overvakingsprogrammet for rovvilt*. Rovdata er den sentrale leverandør av data om status og utvikling i rovviltbestandane til alle forvaltningsledd. Ulvebestanden overvakast ved å dokumentere tall på familiegrupper og 4 revirmarkerande par i Skandinavia og i Noreg reknast alle individ i familiegrupper og tall på ynglingar. Overvakinga blir utført i perioden 1. oktober til 31. mars.

Rovdata har 3. juni 2019 publisert endeleg bestandsstatus for ulv i Skandinavia for vinteren 2018/2019. Det er registrert i alt 40 familiegrupper av ulv i Skandinavia, derav 6 heilnorske og 6 familiegrupper i grenserevir. Det er vidare registrer 28 revirmarkerende par, derav 5 i Noreg og 5 grenseoverskridande revir. Sett til det totale talet på familiegrupper og revirmarkerende par i Skandinavia er dette andre året med nedgang i tal registrerte familiegrupper og par.
Tal frå Rovdata 13. mai 2020 viser at bestandsstatus for ulv i Noreg er om lag uendra frå 2018/2019.

Bestandsrapporten angir at det er registrert 5 heilnorske ynglingar og 6 ynglingar i grenserevir. Alle revir er registrert i norsk ulvesone. Det berekna talet ynglingar i Noreg er 8 ynglingar inkludert grenserevir, noko som er over det nasjonalt fastsette bestandsmålet på 4 til 6 årlege ynglingar i Noreg, derav minst 3 heilnorske ynglingar. Det blei registrert 10,5 ynglingar av ulv i Noreg registreringssesongen 2017/2018. I samsvar med gjeldande kunnskap om den samla belastninga ulvebestanden blir utsett for jf. naturmangfaldlova § 10, er det i perioden frå 1. juni 2019 til dags dato registrert 23 daude ulvar i Noreg, derav tolv er felt på lisensfelling, sju er felt på skadefelling, to er påkøyrt av bil, ein felt som nødverjerett og for den siste er dødsårsak ukjent.

Når det gjelder føre-var-prinsippet, jf. naturmangfaldlova § 9, er dette mest aktuelt i saker og situasjonar der ein ikkje har tilstrekkeleg kunnskap tilgjengeleg. Etter Fylkesmannen sitt syn er ikkje dette tilfelle i denne saken. Regional forvaltningsplan for rovviltregion 1 viser at heile regionen er prioritert for beitebruk og det er ingen bestandsmål for ulv.

Skadebiletet i det aktuelle området
Det er påvist i alt 21 sau og lam dokumentert eller antatt drepe av ulv i Vestland fylke dei to siste beitesesongane. Fylkesmannen i Vestland har erstatta 159 sau og lam som drepen av ulv i fylket i 2018, og 199 sau og lam som drepen av ulv i 2019. Alle desse påviste og erstatta skadetilfella er med stort sannsyn knytt til den same ulven som no er etablert i grenseområda mellom kommunane Fjaler, Hyllestad og Høyanger. Det første skadetilfellet i 2020 vart påvist av Statens naturoppsyn

(SNO) 25. juni. Så langt i 2020 er det registrert 11 kadaver (ti dokumentert og eit usikkert) med ulv som skadegjerar. I tillegg er det registrert ein del kadaver der dødsårsak er ukjend.

Fylkesmannen sin vurdering

Fylkesmannen legg til grunn at den nasjonalt fastsette ulvesona, som er vedtatt av Stortinget og fastsett i rovviltforskrifta § 2 d, og iverksetting av dette i den regionale forvaltninga, har innarbeida dei faktorane som er nedfelt i naturmangfaldlova § 12. Dette inneberer at avgrensinga av forvaltningsområdet er gjort ut frå ei samla vurdering, og at løysinga som er vald forventast å gje det beste samfunnsmessige resultatet.

Det aktuelle området som ulven har slått seg ned i, og markerer revir i, er langt utanfor den fastsette ulvesona og er i følge forvaltningsplanen for rovvilt i region 1, beiteprioritert område. Det har vore observasjonar og skadar av ulv i det aktuelle området dei to siste beitesesongane (2018 og 2019). Sporfunn gjort i vinter tilseier at den aktuelle ulven er ein einsleg stasjonær ulv.

Det er påvist skadar på sau i området både i 2018, 2019 og i 2020. 385 sauer er erstatta som drepne av ulv i området. Etablering av ulv i det aktuelle området utgjer eit konkret skadepotensial for sau på utmarksbeite.

Lisensjaktperioden er avslutta i området, utan felling av ulv. Frå 1. juni gjeld kvoten for betinga skadefelling vedteke av rovviltnemnda i region 1. Denne kvoten er på 3 ulv og gjeld fram til 15. februar 2021. Etter skadefelling av ein ulv i Rogaland 16. oktober 2020 er attverande kvote 2 ulv.

Vi finn at det er grunnlag for å sette inn ekstra ressursar for å gjere eit nytt forsøk på å få felt den aktuelle ulven. Som presisert i tidlegare løyve tilrår vi at det berre blir sett i gang aktivt fellingsforsøk når sjansane for å lukkast blir vurdert til å vere gode.

Det er søkt om løyve til å bruke laus på drevet halsande hund. Fylkesmannen viser til Klima- og miljødepartementet sin tiltakspakke (2017) for å gjere det lettare å felle ulv utanfor ulvesona. Her blir det opna for å bruke laus på drevet halsande hund frå dag ein, der dette kan vere eit høveleg verkemiddel for å oppnå uttak. Det er eit vilkår at beitelaga i det aktuelle området er samde i at slik hund kan nyttast.

Fylkesmannen strekar under at det derfor er svært viktig at eventuell bruk av laus hund blir utført på ein måte som reduserer faren for forstyrring av anna vilt til eit minimum. Hundane skal ha på seg peilar og må kunne hentast inn dersom det viser seg at dei ikkje lenger føl ulvesporet. Vidare må slike hundar berre sleppast på heilt ferske spor som ein med sikkerheit veit er etter den aktuelle ulven. For å systematisere erfaring med bruk av slik hund, skal det innan ein månad rapporterast til Miljødirektoratet om bruk og effekt av tiltaket.

Med bakgrunn i ei totalvurdering av situasjonen, finn Fylkesmannen det rett å gje eit forlenga skadefellingsløyve. Skadehistorikk og skadepotensiale for sau er viktige faktorar i denne vurderinga.

Bestandssituasjon for ulv og geografisk differensiering nedfelt i forvaltningsplan for regionen er andre moment som vi har lagt vekt på. Eit slikt uttak av ein ulv vurderast ikkje å være til skade for ulvebestandens overleving, eller å komme i konflikt med det nasjonale bestandsmålet for ulv, jf. Innst. S. nr. 174 (2003-2004) og rovviltforskrifta §§ 3 og 4.

Vedtak
Ut frå vurderingane ovanfor gjev Fylkesmannen skadefellingsløyve for ein (1) ulv innanfor eit nærare avgrensa område i Vestland fylke. Vedtaket er gjort med heimel naturmangfaldlova § 18 første ledd b) og § 77, jf. rovviltforskrifta § 9.

Følgjande vilkår gjeld for skadefellingsløyvet:

1. Skadefellingsområdet er avgrensa til Hyllestad, Fjaler og Høyanger kommunar, og den delen av Sunnfjord kommune som ligg sør for elva Gaula og vest for E39.

2. Skadefellingsløyvet er tildelt Luster kommune og blir administrert, rekneskapsført og rapportert av kommunen. Det regionale skadefellingslaget ved Stein Mortensbakke er ansvarleg for utføringa av fellingsforsøket.

3. Skadefellingsløyvet gjeld i tidsrommet 18. november 2020 til og med 30. november 2020. Aktivt fellingsforsøk skal utførast berre når sjansane for å lukkast blir vurdert til å være gode.

4. Luster kommune skal ha ei liste over deltakarane i fellingslaget, som på førespurnad skal overleverast til Fylkesmannen i Vestland. Det er eit krav at alle deltakara i laget oppfyller krava til og innehar lisens for ulv for jaktåret 2020/2021, jf. krava i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst, §§ 13 og 14. Storviltprøven skal være bestått for jaktåret 2019/2020.

5. Det skal nyttast våpen og ammunisjon som tilfredsstiller krava til felling på ulv, jf. forskrift av 22. mars 2002 om utøving av jakt, felling og fangst.

6. Dispensasjonen innvilga frå Miljødirektoratet 30. april 2020 til bruk av ATV gjeld og dette løyvet.

7. Dispensasjonen innvilga frå Miljødirektoratet 30. april 2020 til å nytte motorvogn ved postering gjeld og dette løyvet på følgjande vilkår:

    A. Under transport skal våpen i bil være tomt for ammunisjon, og våpenet skal være nedpakka i futteral, bag eller veske.

    B. Motor og lys skal vere slått av når motorvogna blir nytta til postering.

    C. Motorvogna som blir nytta som post, skal være merket med godt synleg informasjon om at fellingsforsøk held på, og at motorvogna er en del av dette.

    D. Fellingslag skal ta alle nødvendige forholdsreglar for å ivareta sikkerheita til ålmenta i forbindelse med bruk av bil til postering under fellingsforsøket.

8. Felling eller forsøk på felling skal straks meldast til Fylkesmannen (tlf: 481 43 095) og Statens naturoppsyn (tlf: 480 94 364). Den som feller dyr skal framvise felt dyr for SNO for kontroll, merking og prøvetaking av biologisk materiale, og skyttar skal kunne påvise fellingsstad (eller eventuell skotplass) etter oppmoding frå SNO.

9. Skadefellingsforsøk og felling i tråd med dette løyvet kan skje utan omsyn til grunneigarretten, jf. lov om jakt og fangst av vilt § 35.

10. Felt dyr i medhald av dette løyvet er Viltfondet sin eigedom. Ingen kan difor på noko vis gjere seg nytte av felt dyr eller deler av dyr utan samtykke frå Miljødirektoratet.

11. Dersom ulv blir skadeskoten pliktar dei ansvarlege å gjere det dei kan for å avlive dyret snarast mogleg. Skyttar pliktar å forvisse seg om dyr det er skote på er treft eller ikkje. Ved skadeskyting skal skyttar utan opphald melde frå til Fylkesmannen, SNO og næraste politimyndigheit. Fylkesmannen avgjer vidare gjennomføring og avslutning av ettersøk.

12. Deltakarar i kommunale/interkommunale fellingslag kan etter rovviltforskifta § 9 a få godtgjering for den tida som blir nytta til aktivt fellingsforsøk. Kommunen/fellingsleiar må sørgje for at deltakarane i fellingslaget fører timelister, køyrebok og dokumenterer eventuelle andre utgifter som dei vil ha refundert. Fylkesmannen legg til grunn at fellingsforsøket blir gjennomført på ein effektiv og hensiktsmessig måte. Vi legg vidare til grunn at dette fellingsforsøket blir dekka av tidlegare tildelte midlar frå Fylkesmannen.

13. Luster kommune skal sende oversikt over utgifter knytt til fellingsforsøket til Fylkesmannen i Vestland, innan tre veker etter avslutta fellingsforsøk. Søknad om refusjon av utgiftene med godtgjering skal leverast til Fylkesmannen i Vestland, via elektronisk søknadssenter.

14. Alle medlemmar av fellingslaget som deltek i fellingsforsøket skal ha kopi av dette brevet og vere kjend med vilkåra for skadefellingsløyvet.

15. Fellingsleiar/kommunen bes ha dialog med SNO knytt til bistand i fellingsforsøket eller på anna vis vere til hjelp med sin kompetanse.

16. Det blir gjeve løyve til å nytte laus på drevet halsande hund på følgjande vilkår under dette fellingsforsøket; - Hunden(ane) skal ha GPS-sendar, - Hunden(ane) skal berre sleppast på ferske spor som ein veit sikkert er frå ulv, - Dersom hunden slår over på anna vilt eller husdyr skal hundeførar vere i stand til rakst å ta inn hunden, - Husdyreigarar i området må godkjenne at hund kan sleppast, - Kommunen(ane) må gje dispensasjon frå bandtvangreglane i hundelova, - Seinast ein månad etter at laus på drevet halsande hund er brukt skal det sendast rapport til Miljødirektoratet med kopi til Fylkesmannen. Av rapporten skal det gå fram korleis slik hund er nytta og effekten av dette. Det skal leggast ved utskrift av gps-logg frå hundepeilar.

17. Fylkesmannen kan til ein kvar tid endre eit eller fleire av vilkåra, eller trekke tilbake fellingsløyvet.

18. Etter fellingsforsøket skal det rapporterast på ei eiga rapporteringsløysing. Lenke/adresse til denne rapporteringa finn ein inne på det aktuelle fellingsvedtaket på www.miljøvedtak.no , sjå rettleiing for rapportering sendt ut 11. mai.

Klagerett
Partane i saka og andre med klagerett etter forvaltningslova, kan klage over avgjerda innan tre veker etter at avgjerda er motteken. Eventuell klage bør grunngjevast og rettast til Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen, som anten kan ta klagen heilt eller delvis til følgje, eller sende han til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi:

Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep	0030	OSLO
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Statens Naturoppsyn	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Stein Mortensbakke			
Rovviltnemnda region 1			
Hyllestad sankelag			